



Avløysartilskot

Vedlagt følger kontoutdrag med alle transaksjonar pr. i dag. Me ber om at alle ser over at dette stemmer. Oppe til høgre brukar tilskotet for året å stå. Men frå og med 2017 fekk ikkje me lister over tilskotet til den enkelte, så her står det dessverre tomt. Og så vidt me forstår så er det visst ikkje håp for at me skal få desse tala framover heller. Alle vil finna sitt tal ved å gå inn på søknaden sin i Altinn med oppdaterte dyretal.

Me synes det er veldig synd at me ikkje lengre får yta den servicen som me kan når me har oversikt over tilskot og rest tilskot, men dette er dessverre ikkje opp til oss!

Ellers så har alle nå fått utbetalt avløysartilskotet for 2017. Mange har alt betalt det inn til Avløysarlaget, og me håpar at endå fleire vil gjera det! 😊 Me betaler **2,5 % rente** på alt innestående i laget.

Nye lønnsatsar

Frå 1. april gjekk tariffen til avløysarar **opp med kr 3,50 pr. time**. Den nye tariffen er vedlagt/står på baksida av dette arket. Merk at det ikkje er lov å betala mindre enn denne tariffen, ettersom den er allmenngjort.

Årsmøte

Det var årsmøte for 2017 på Verkstaden i Tysvær den 20. mars. Det var eit roleg årsmøte, det alle sakene gjekk kjapt gjennom. Arne Edvard Aase hadde takka nei til gjenvalg, og Asbjørn Alendal kom inn som nytt styremedlem. Ellers blei det ingen endringar i styret. Frank Robert Abelseth «Vinnarskalle» var med oss og hadde eit engasjerande foredrag.

Timelister m.m.

Som me har gitt beskjed om tidlegare, så er det nå eit krav frå Arbeidstilsynet at det skal stå **klokkeslett på alle timelsitene**. Me får snart nye blokker med rubrikk for dette, men inntil vidare kan det først på til høgre på listene. Frå nå av kan me dessverre ikkje betala ut timelister utan klokkeslett.

På dei elektroniske listene er alt dette på plass, og det er avløysaren som skal føra listene og du som bonde som skal kontrollere at det stemmer. Nå er det også komme ein **APP for Webtemp**, slik at alt kan først via mobiltelefonen 😊 Ta kontakt med oss når du ønskjer å starta med elektroniske lister, så ordnar me tilgang straks.

Pass også på at det blir ført **opplærings skjema** for alle redskaper og maskiner etter kvart. Eit skjema for kvar avløysar. Dette er ditt ansvar som brukar, og skjemaet skal stå i KSL-permen.

Og **avviksskjema** skal sendast til oss ved uønska hendingar på garden.

Alle desse skjema vil du finna på heimesida vår, www.haugaland-avløysarlag.no

Der ligg det også mykje anna aktuell informasjon, som mange generelle risikoanalysar m.m.

Nå har me også mykje god informasjon der på **andre språk**, så dersom du har utlendingar i arbeid må du gjerne tipsa dei om dette.

Ellers kan du alltid ta kontakt med oss og be om å få skjema m.m.

Nye avløysarar

Ta alltid kontakt med oss **FØR du set ein ny avløysar i arbeid!** Det skal skrivast arbeidsavtale med oss, og me må få informera dei om HMS, opplæring og ansvar m.m. Og så må dei registrerast i AA-registeret over tilsette m.m. **Alt dette dette skal gjerast før dei startar**, så ver nøye på dette!

Så vil me ønskja alle ein fantastisk vår!

Helsing Avløysarlaget

Gudveig og Marianne